

Saksgang

Utval	Møtedato	Saknr. i utval
Utval for kultur og levekår	02.06.2026	023/26

Saksbehandlar:	Arkivsak – dok.nr	25/4662 – 2
Arnved Soldal Lund	Journalpostnr.	26/17606

Fritidserklæring for Ullensvang

Vedlegg
Fritidserklæring for Ullensvang – høyringsutkast 2. juni 2026

Saka blir avgjort av:

Utval for kultur og levekår

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020–2032

Kultur-, idretts- og reiselivet i Ullensvang er inkluderande og skal vera tilgjengeleg for alle (s. 51).

Oppvekstplan 2020–2025 Ulike utgangspunkt – like sjansar

Oppvekstvilkår– Det er eit mål å sikra gode oppvekstvilkår for alle barn og unge. [...] dei treng óg å veksa opp med kulturtilbod og fritidsaktivitetar. Ulike utfordringar i liva deira kan verka inn på i kva grad dei har høve til å delta på dette. Det gjeld økonomi, fysiske føresetnader, bustad og interesser. Å ha eit breitt tilbod der alle kan finna noko som er av interesse, er viktig. [...] Kommunen har ansvar for å støtta opp om gode og varierte fritidstilbod som er tilgjengelege for alle (s.16).

Barn skal vera involvert i dialog og prosessar som gjeld dei – På kultur- og fritidsområdet må barn og unge sikrast høve til å delta i planlegging, utforming og styring av tilbod og aktivitetar (s. 26).

Teamplan for kultur 2023–2027

Hovudmål deltaking og inkludering – alle innbyggjarar skal ha moglegheit til å vera deltakar og kjenna seg inkludert i kulturlivet og frivilligheita (s. 12).

Temaplan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i Ullensvang 2021–2025

Stimulering og tilrettelegging – I Ullensvang kommune skal det stimulerast til og leggjast til rette for at alle kan vera fysiske aktive kvar dag, heile livet (s. 12).

Frivillig- og samspelsstrategi 2025–2028

Rekruttering – Kommunen utarbeider ein fritidserklæring for Ullensvang kommune, der alle barn og unge vert gjeve ein rett til å delta i minst ein organisert fritidsaktivitet saman med andre (s. 8)

Tilråding frå rådmannen:

Utval for kultur og levekår sender “Fritidserklæring for Ullensvang kommune” på høyring til 10. august hjå aktuelle lag og organisasjonar. Me ber samtidig aktuelle lag og organisasjonar til å kome med innspel til innhald og verkeområde til tilskotsordninga "Fritidskassa".

Utvalet vil oppmoda alle aktuelle lag og organisasjonar til å vedta den ferdige erklæringa etter høyringsperioden.

Utval for kultur og levekår 02.06.2026

Røysting:

Tilrådinga frå rådmannen vart samrøystes vedteke.

UKL – 023/26 Vedtak

Utval for kultur og levekår sender “Fritidserklæring for Ullensvang kommune” på høyring til 10. august hjå aktuelle lag og organisasjonar. Me ber samtidig aktuelle lag og organisasjonar til å kome med innspel til innhald og verkeområde til tilskotsordninga "Fritidskassa".

Utvalet vil oppmoda alle aktuelle lag og organisasjonar til å vedta den ferdige erklæringa etter høyringsperioden.

Saksopplysningar:

I denne saka vil me be om innspel frå frivillige lag og organsiasjonar om to saker: Fritidserklæring for Ullensvang og utforminga av Fritidskassa. Fritidskassa er ein tilskotsordning som vil byggje oppunder visjonen i Fritidserklæringa.

Fritidserklæringa er ein intensjonsavtale mellom partane som har signert den om at barn og unge har rett på ein fritid, og at partane skal fremja retten dei har til å delta i leik og

fritidsaktivitetar. Me vil oppfordre alle lag og organisasjonar som rettar seg mot barn og unge i Ullensvang å signera den.

Alle kommunar og fylkeskommunar er oppmoda til å lage sine egne fritidserklæringer av regjeringa. Dei signerte den nasjonale fritidserklæringa i 2016 og på ny i 2022 saman med mellom anna fleire departement, KS og organisasjonar som har aktivitetar retta mot barn og unge.

Det er Budir som er sekretariat for staten sitt arbeid med Fritidserklæringa. Eit av deira prioriterte området for 2024–2026 er å auke den lokale implementeringa og bruken av Fritidserklæringa.

Vestland fylkeskommune og tolv andre offentlege og frivillige organisasjonar signerte Fritidserklæring Vestland i september 2024.

Fritidserklæringa for Ullensvang tar utgangspunkt i FN's konvensjon om barna sine rettar artikkel 31 og me har utforma vår erklæring etter ein mal som er utarbeidd av Nasjonal dugnad mot fattigdom og utenforskap blant barn og unge (NDFU).

For at Fritidserklæringa for Ullensvang skal få noko verknad er me avhening av at lag og organisasjonar i Ullensvang som har aktivitetar retta mot barn og unge vert med på å signera erklæringa. Samtidig som me sender ut erklæringa på høyring til lag og organisasjonar, så vil me oppmoda dei til å vera med å signera den ferdige erklæringa.

I 2024 vart det gjennomført ein Ungdata-undersøking i mellomsteget, på ungdomsskulen og i vidaregåande skule i Ullensvang (<https://www.ungdata.no/rapporter/?fylke=46#theform>). Undersøkinga viser at deltakinga i organiserte aktivitetar er svært høg blant dei yngste (78 % i mellomsteget), men at deltakinga faller etter kvart som barna vert eldre (43 % i vidaregåande).

På ungdomstrinnet og i vidaregåande skule svarte om lag 20 % at dei ikkje hadde vore med i organiserte fritidsaktivitetar etter 10-årsalderen. Ungdata spør ikkje direkte om kvifor, men rapportane peiker på strukturelle og sosial årsaker som familien sin økonomi og ressursar, det lokale tilbodet og endra interesser.

I Bufdir sin kommunemonitor for barnefattigdom (<https://www.bufdir.no/statistikk-og-analyse/monitor/barnefattigdom/?primary=4618>) skårer Ullensvang høgare på indikatorar på omfanget av barnefattigdom enn i fylke. Indikatorane er barn i hushaldningar med låginntekt, og i Ullensvang gjeld det om lag 9–12% av alle barn. Sjølv om det har vore ein liten nedgang dei siste åra, så har omfanget aukt med om lag 6 prosentpoeng dei siste ti åra.

Fritidskassa er tenkt som ein lågterskel, ubyråkratisk tilskotsordning som skal bidra til at alle barn og unge i Ullensvang skal jamleg delta på minst ein fritidsaktivitet saman med andre. Kultur, næring og samfunn gjennomførte ein dialogkafe med frivillige lag og organisasjonar 18. november 2025 kor me bad om tilbakemelding på ein slik ordning. Dei

tilbakemeldigane me fekk var at den måtte vera lågterksel og ubytåkratisk, at lag og organisasjonar måtte kunne søke for medlemmer og at me må informera godt om den.

Det er satt av ressursar til ei ordning for økonomisk støtte til fritidsaktivitetar for barn og unge i årets budsjett.

Vurdering:

Fritidserklæringa er ein visjon om at barn og unge i Ullensvang kommune skal få høve til å delta i organiserte fritidsaktivitetar uavhengig av foreldre og foresatte sin sosiale eller økonomiske situasjon, eller sine egne forutsetningar.

Det er viktig for barn og unge å få delta i organiserte fritidsaktivitetar i frivillige lag og organisasjonar. Å delta i leik, kulturelle, kunstnariske, reaksjons- og fritidsaktivitetar har ein eigenverdi for dei som driver med det; det skaper glede. Å gje barn og unge høve til å delta i aktivitetar som skaper glede vil bidra til ein god oppvekst.

I tillegg er organiserte fritidsaktivitetar viktige arenaer for sosialisering og mestring for barn og unge som er anderleis frå dei arenane dei har gjennom skule og andre uformelle situasjonar.

Ullensvang kommune har fleire planar med målsetningar som inkludering i aktivitetar og gode oppvekstvilkår. Fritidserklæringa vil støtte oppunder dei målsetningane.

Den viktigaste indikatoren i fritidserklæringa er at: "Alle barn og unge i Ullensvang skal ha høve til å delta jamleg i minst ein organisert fritidsaktivitet saman med andre."

Ved å invitera lag og organiasjonar til å signera den med oss, ynskjer me at arbeidet med inkludering av barn og unge inn i organiserte fritidsaktivitetar skal skje litt meir systematisk og opplevast litt meir forpliktande.

Ungdata-undersøkingane som vart gjennomført i 2024 viser at det er høg deltaking i organiserte fritidsaktivitetar blant dei yngste i Ullensvang, men at deltakinga går ned med alderen. Det kan vera fleire grunner til det, men me veit at økonomi er ein grunn.

Eit tiltak for at fleire skal få høve til å delta i organiserte fritidsaktivitetar er ein tilskotsordning som kan hjelpe på det økonomiske. Det kan vera fristane å ta ein blåkopi av noko som fungerer godt i ein annan kommune, men for denne type tilskotsordningar har ein sett at det som fungerer i ein kommune ikkje automatisk fungerer i ein annan. Det er derfor viktig at me får innspel frå dei lag og organisasjonar som driver aktiviteten, og som veit kor skoen trykker.

Økonomiske konsekvensar:

a. Driftskonsekvensar

Vil vera ein del av den eksisterande drifta. Det er satt av ressursar i budsjettet til tilskotsordninga.

b. Investeringskostnader

Ingen investeringskostnader.

c. Finansiering

Vil vera ein del av den eksisterande drifta. Det er satt av ressursar i budsjettet til tilskotsordninga.

Samandrag konklusjon:

Fritidserklæringa har som visjon at alle barn og unge i Ullensvang kommune skal få delta i organiserte fritidsaktivitetar, uavhengig av deira eller føresette sin sosiale eller økonomiske situasjon. Fritidserklæringa vil støtte oppunder fleire målesetningar me har i ulike planar. Ved å vedta erklæringa, og å oppmode frivillige lag og organiasjonar til å signera den saman med oss, ynskjer me at arbeidet med inkludering av barn og unge inn i organiserte fritidsaktivitetar skal skje litt meir systematisk og opplevast litt meir forpliktande.

Ein Fritidskasse er ei tilskotsordning som kan hjelpe på det økonomiske med organiserte fritidsaktivitar. Det er viktig at me får innspel om korleis ei slik ordning bør fungera i Ullensvang.

Særutskrift sendast til:

- mottakar 1
- mottakar 2